

From: Synnøve Nesse
Sent: Mon, 14 Feb 2022 14:32:17 +0000
To: Elin Espevik Andreassen
Attachments: Førehandsuttale nedbrenning av hus - gbnr 1028 Vabø.pdf

Kind regards

Synnøve Nesse
+47 90555252
Senior Consultant/Psychologist/ PhD
AFF at the Norwegian School of Economics NHH
www.aff.no



Synnøve Nesse

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/9597 - 21/81420

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

01.12.2021

Førehandsuttale nedbrenning av hus - gbnr 102/8 Vabø

Viser til førespurnad om å koma med førehandsuttale i samband med søknad om riving av våningshus på gbnr 102/8 Vabø.

Underteikna har sjølv ikkje vore på synfaring på eigedomen, og denne uttalen byggjer difor i stor grad på dei vurderingane Arild Sætre frå Kulturverntenesta i Nordhordland gjorde då han var på synfaring på eigedomen.

Bygdebok for Lindås, bind 3 s. 293, opplyser at eigedomen der våningshuset var opprinnleg ein husmannsplass i utmarka på Vabø. Dei første husmannsfolka var Ola Monsson og Helena Johannesdtr som fekk husmannssetel i 1862. Huset skal dei ha flytta frå Hodne. På bakgrunn av dette er det grunn til å tru at delar av bygget er eldre en 1850 og såleis er meldepliktig etter Kulturminnelova § 25.

Arild Sætre skriv: «Det er gjort mange endringar på våningshuset opp gjennom tidene, både innvendig og utvendig og det er lite att av det opphavelege husmannshuset. Likevel gjer huset si historie som husmannsplass og dei gjenverande elementa som vernemur, jordkjellar og den gamle tømmerkassen at bygget har historiefortellande verdi. Kulturminneverdien ligg, slik Kulturverntenesta i Nordhordland vurderer det, i at delar av dette bygget er ein av dei få fysiske restane etter husmannsvesenet i Nordhordland.»

Per i dag kjenner me til få ståande bygg i kommunen som har vore husmannsplass. Kulturavdelinga meiner på bakgrunn av dette at det er ynskjeleg at gjenverande bygg på tidlegare husmannsplassar vert bevarte. Dersom det vert gjeve rivingsløyve bør bygget dokumenterast.

Eg vil gjera merksam på at kulturavdelinga ikkje handsamar saker etter plan- og bygningslova. Vår rolle i bygge- og plansaker som råkar ved kulturminneinteresser (ikkje freda kulturminne), er å vurdere kulturminneverdi og å koma med uttale om korleis desse verdiane bør ivaretakast.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Synnøve Nesse